

# *Presentasjon av nye rutinar -Dispensasjonssaker*



Statsforvaltaren i Vestland

09.01.2024



# Mandat for internt arbeid med å vurdere endringar og forenklingar

- Det skal vere samsvar mellom praksisen vår som fagstyresmakt i dispensasjonssaker og regjeringa sine nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.
- Få ned ressursbruken på dispensasjonssaker internt i embetet.
- Få frigjort kapasitet til rettleiing og støtte for kommunane, mellom anna om rammene i pbl. § 19-2 og plansystemet som styringsverktøy.
- Unngå konsekvensar for nasjonale og vesentlege regionale interesser knytt til sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.
- Sikre ei differensiering mellom pressområde og område med svak eller negativ utvikling i folketalet.



# Om regelverket for dispensasjon

- Kommunen kan gje dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av pbl-lova, mellom anna vedtekne planar, plankrav og byggje- og deleforbodet i strandsona (§ 1-8).
- For å kunne gje dispensasjon må to lovbundne krav vere oppfylte:
  - kan ikkje sette omsyna bak føresegna det blir dispensert frå, føremålet med lova, regionale eller nasjonale interesser vesentleg til side
  - fordelane med å gje dispensasjon må vere klart større enn ulempene
- Før kommunen gir dispensasjon skal m.a. Statsforvaltaren få høve til å uttale seg til søknaden. Statsforvaltaren har ikkje ei plikt til å gje fråsegn til alle saker om dispensasjon, men vi skal ha høve til det.
- Statsforvaltaren kan klage på kommunale enkeltvedtak om dispensasjon, pbl. § 1-9.




# Nokre hovudtal frå dei siste åra

Generelt: Forholdet mellom tal dispensasjonar og tal reguleringsplanar på høyring.


Tendensen frå 2019 til 2022 syner klart at tal dispensasjonssaker som vi får på høyring aukar, frå kring 1450 til om lag 2100, medan tal reguleringsplanar på høyring har gått ned frå 211 til 140 i same periode. Dette er ei uheldig utvikling, særleg viss det er eit teikn på at kravet om ei planmessig styring av arealbruk og tiltak, i sum eller i einskildsaker, vert sett til vesentleg side.

2022 - Høyring	Strandsone	Landbruk	Andre tema	Til klagevurdering
2080	959	246	168	1958





# Saker vi klaga på i 2022





# Innhald i ny ordning

- Statsforvaltaren legg til grunn at kommunane som ansvarleg planstyresmakt tek ansvar for grundig og korrekt handsaming av dispensasjonar.
- Statsforvaltaren i Vestland ønskjer som hovudregel ikkje å få tilsendt dispensasjonssaker på høyring.
- Dersom kommunen er usikre på regelverket eller fagkunnskapen om området, kan dei uansett sende enkeltsaker på høyring til oss. Kommunane kan også ta direkte kontakt med fagpersonar hos oss og be om råd.
- Av omsyn til klagevurdering ber vi om å få tilsendt alle vedtak der kommunen gir dispensasjon, samtidig som vedtaket vert sendt til søkjar.
- Reint «tekniske» dispensasjonar i byggjeområda og som ikkje vedkjem oss som sektorstyresmakt, treng vi ikkje få til klagevurdering. (til dømes takvinklar, materialbruk, leidningsnett ..)



# Skal ikkje føre til at det blir enklare å få dispensasjon

Kommunane er framleis ansvarlege for å halde seg innafor dei strenge rammene for å kunne gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

*Kan ikkje gjevast dispensasjon:*

- *dersom omsyna bak føresegna det blir dispensert frå, omsyna i føremålsføresegna i lova eller nasjonale eller regionale interesser vert sette vesentleg til side*
- *dersom ikkje fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene*
- *dersom ein dispensasjon i praksis fører til dispensasjon frå sakshandsamingsreglar som til dømes krav til reguleringsplikt, konsekvensutgreiing eller ROS-analyse*

Kommunane må som før sjå til at sakene er tilstrekkeleg opplyste før det kan gjerast vedtak om dispensasjon.



# Saker som krev løyve etter sektorlov

Kan ikkje gje byggeløyve til tiltak som ikkje er i samsvar med gjeldande plan dersom tiltaket òg krev løyve etter anna lovverk, der andre styresmakter har vedtakskompetanse.

Dette gjeld til dømes tiltak som krev eige løyve etter:

- forureiningslova
- vassressurslova § 11 om kantvegetasjon langs vassdrag
- lakse- og innlandsfisklova med tilhøyrande forskrift om fysiske tiltak i vassdrag - naturmangfaldlova, t.d. etter forskrift om prioriterte artar

I slike saker må kommunane sjølve ta stilling til i kva rekkjefølge dei ulike vedtaka skal gjerast.



# Disp i LNF- områda og jordlova

**HUGS:** Ein dispensasjon i LNF-områda må ha løyve både etter PBL og jordlova

## Jordlova § 9 om omdisponering av jordbruksareal

*Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.*

*Departementet (dvs kommunen) kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika.*

**Vurderingstema:** godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi.

## Jordlova § 12 om deling av landbrukseigedom

*Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet. (dvs kommunen)*

*(...)*

**Vurderingstema:** tenleg og variert bruksstruktur i landbruket, vern av arealressursane, driftsmessig god løysing, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området + busetjing, framtidige generasjonar m.m.

### Om rekkefølga:

- PBL skal fange dei generelle overordna omsyna, det kan tala for å ta det først

Nokre praktiske omsyn kan tale for å ta jordlovsbehandlinga først:

- Dersom det vert avslag i jordlova er saka avgjort – kan uansett ikkje gjennomførast
- Dersom det vert positivt vedtak etter jordlova, vil mange av vurderingane etter jordlova vere dei same ved vurdering av landbruksinteressene i LNF.
- Viss vi får eit positivt disp-vedtak til klagevurdering og som gjeld landbruk, vil vi uansett etterlyse ei landbruksfagleg vurdering frå kommunen.